

# MÅNADSREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 6 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk addresa over. Breva kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Tema for dette nummeret er trygg mat og afrikansk landbruk. Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

## TRYGG MAT

7. juni markerte FN World Food Safety Day -- verdas mattryleksdag. Dagen sette fokus på trygg mat og at det er naudsynt å redusere matborne risikoar. Årets tema, «Sikre mat for ei sunn framtid», understrekar samanhengen mellom mattrylek, folkehelse og berekraft. Temaet framhevar at trygg mat ikkje berre er essensielt for å førebyggje sjukdomar, men også for å oppretthalde ei sunn befolkning og eit velfungerande samfunn.

Mikrobiell forureining, som kjem av bakteriar, virus og parasittar, og kjemisk forureining frå pesticid, tungmetall og industrikjemikaljar, er blant dei største globale utfordringane innan mattrylek. Forureina mat kan føre til helseproblem, frå mildt magebesvær til alvorlege sjukdommar, avhengig av typen og mengda forureining.

Klimaendringar forverrar problema ved å påverke matproduksjonen og lagringsforhold. Til dømes kan høgare temperaturar auke veksten av skadelege bakteriar som salmonella, medan endringar i nedbørsmønster kan føre til auka bruk av pesticid som kan forureine matvarene. Dessutan har globaliseringa av matforsyningskjeda gjort det vanskelegare å kontrollere mattrylek. Mange matvarer kryssar fleire grenser og går igjennom mange prosessar før dei blir etne. Både regelverk og kontrollar kan vere vesentleg därlegare i dei områda som produserer billeg mat til verdsmarknaden, enn til dømes i Noreg.

FN oppmodar i samband med årets mattryleksdag til samarbeid mellom myndigheter, næringsliv og forbrukarar for å styrke mattryleken i verda. Bland løysingane som

blir peika på, er styrking av reguleringssrammer og mattrylekssystem, investering i teknologi for betre overvaking og testing, utdanning og opplæring i mattrylek for både produsentar og forbrukarar, og ei internasjonal koordinering for å handtere grenseoverskridende mattryleksproblem effektivt. I tillegg oppmodar dei om å implementere berekraftige praksisar i matproduksjonen, for å redusere risiko og fremje langsiktig mattrylek.

Frå eit småbrukarperspektiv freistar det å dvele litt meir ved

### FAKTA OM MAT-TRYGGLEIK

- Over 200 sjukdommar er skulda inntak av forureina mat.
- Kvart år blir éin av ti sjuke av forureina mat.
- 40 % av sjukdomsbøra frå matborne sjukdommar rammar born under 5 år.

**Kjelde:** FAO si temaside for World Food Safety Day 2024


sårbarheiter ved globalisering, og også sentralisering av varestraumar utan at matvarene alltid kryssar landegrenser. Heilt fram til moderne tid har det i motsetnad til dagens matsystem vore vanleg å drive lokal sjølvforsyning av mat. Gjennom hundreåra med utvikling av ulike teknikkar for å konservere mat har det blitt bygt opp ein stor kunnskap om hygiene og handsaming av råva-

rer, som ein stor del av befolkninga har kjend til. Sjølv utan kjøleskåp og frysarar har sivilisasjonane stort sett greidd seg - også der maten ikkje er fersk heile året. På veggen har sjølvsagt mange også blitt utsette for sjukdommar og død knytt til matforeining.

Me kan takke vitskapleg framgang for ei større forståing av særleg dei mikrobielle prosessane som skjer med maten ved ulike type handsaming, og for at me har fleire hjelpemiddel for å halde maten trygg, som såpe og handvask med innlagt varmtvatn, vakumpakking, kjøleskåp og frysarar. Dei sentraliserte verdikjedene, i alle fall i Noreg, har også fordelar ved seg, som at dei må dokumentere ei trygg handsaming av maten, i tråd med regelverket, overfor Mattilsynet. Når desse tek seg av mattryleiken til dei store mengdene mat dei produserer, slepp dei fleste å kunne så mykje i kvardagen. Samstundes ligg det mykje kunnskap i dei gamle kulturane som er i ferd med å gå tapt når matverdikjeda er sentralisert og globalisert, men som kan vere nyttig å ha med seg inn i ein ny og usikker tid. Maten kjem, som me veit, ikkje frå ei vakumpakke på butikken, og infrastruktur som straum kan ryke for kortare eller lengre perioder. Om me ikkje held ved like eit visst kunnskapsnivå om mattrylek ved råvarebearbeiding, kor mange vil vere budd på å bearbeide bæra, kjøtet og fisken som ligg i frysaren om det blir krig, straumen forsvinn og ein korkje kan eller bør ete all maten med det same?

MF

# AFRIKA - DEN FORSØMTE VERDSDELEN



Historia som førte til vår art, homo sapiens, byrja i Afrika. Der finn me dei første hominidane, menneske-liknande apar, fleire millionar år sidan. I austlege Afrika skjedde overgangen frå hominidar til sapiensar, kanskje 300 000 år attende. I meir enn 90 prosent av tida etterpå har sapiensane levd som sankrarar, jegerar og fiskarar. Somme av dei vandra etter kvart til andre delar av verda. 18.000 år sidan byrja truleg det spede landbruket, også i Afrika, tusentals år før landbruket kom til Midtausten og endå fleire før det nådde Norge. Folk tok til å samle villkorn og sådde det nær buplassane, og dei fanga vilddyr og tamde dei til husdyr. I Egypt og elles i Afrika vart verdas første byar til. I Afrika kom den første metallutvinninga, kopar, bly og jern. Ressursrike og mangslungne Afrika har vore menneskas oppvekststad og verdas leidende verdsdel i det meste av vår arts historie.

Rundt år 1500 etter Kristi fødsel snudde det. Først kom slavehandelen. Europearar og arabarar utvikla betre våpen og skaffa seg røynsler med krig seg imellom. Dei tok slavar eller kjøpte dei frå lokale hovdingar til arbeidskraft i andre delar av verda. Med slavehandelen kom også dei europeiske handelsstasjonane langs

kysten og etter kvart koloniseringa. Afrika hadde det dei ville ha, metall og vekstjord attåt slavar. Område etter område vart kolonisert. Europeiske stormakter og halvstore makter fekk hand om det meste av verdsdelen.

Når det har vore mange regionale krigar i Afrika dei siste tiåra, er éi forklaring at europeiske makter hadde drege landegrenser slik det passa dei og utan respekt for samfunn og kultur. Kart vart teikna over Afrika inn delt i belgiske, franske, italienske, portugisiske, spanske og britiske område, med Etiopia og Liberia som unntak, inneklemda land med så mykje fattigdom at ingen ville ha dei.

I fjor gav FAO ut ein grundig rapport om ernæring og mattryggleik i Afrika. Tabellen under syner hovudtal.

År	2000	2010	2014	2019	2020	2021	2022
Verda	12.7	8.6	7.7	7.9	8.9	9.3	12.7
Afrika	22.4	15.1	15.3	17.0	18.7	19.4	19.7
Sentral-Afrika	35.6	22.5	21.9	24.8	27.6	28.5	29.1
Aust-Afrika	38.4	23.8	23.9	26.7	28.1	28.4	28.5
Nord-Afrika	6.3	4.7	5.3	5.8	6.0	6.9	7.5
Storbritannia	5.7	7.2	8.2	8.3	9.5	10.0	11.1
Vest-Afrika	15.0	10.8	10.6	11.0	13.7	14.5	14.6

Etter andre verdskrig byrja ei avkolonisering, først med Libya i 1951 og Ghana i 1957 og så i området etter området. Kolonimakter slo ofte brutalt ned lausrivningsforsøk, som britane under mau-mau-opprøret i Kenya på 1950-talet og portugisarane i Mosambik og Angola fleire tiår seinare, men prosessen rulla vidare.

Om kolonibanda formelt vart rivne og landa sjølvstendige, står likevel mykje frå desse hundreåra att, øydelagde området, tømde naturressursar, uhedlige nasjonsgrenser, styringsfolk som overtok ovanfrå-og-ned-tenkinga frå kolonimaktene, analfabetisme, manglande erfaringar med samfunnsstyring og demokrati og globale ordningar der råvarer blir underbetalte.

## Frå sjølvforsyning til avhengigheit

Afrika utgjer 20 % av verdas landjord, er ein verdsdel med mykje god vekstjord og er, når me bruker brei pensel, ein verdsdel med gunstig klima for landbruk og med rike naturressursar. Folketalet er rundt halvannan milliard, 18 % av verdas samla folkemengd. Framleis veks folketalet vesentleg raskeare enn i stordelen av verda, 2,3 % i året, men tala, 18 prosent av innbyggjarane, 20 prosent av landjorda og rikt fiske utanfor, skulle gi grunnlag for mattryggleik.


Trass kolonisystemet var Afrika sjølvforsynt med mat til rundt 1960. Matimport og mateksport var omrent like omfattande, men også då ramma svolt mange. I 2006 hadde sjølvforsyninga sokke til 80 prosent, og i dag er den vesentleg lågare att. Ressursrike Afrika er altså meir og meir bunden til matkjøp frå andre delar av verda.

## FN-rapporten

I fjor gav FAO ut ein grundig rapport om ernæring og mattryggleik i Afrika. Tabellen under syner hovudtal.

Tabell 1: Underernæring i prosent i verda, Afrika og regionar i Afrika 2000-2022.

Afrika fjernar seg frå i staden for å nærmere seg berekraftmålet FN i 2015 settet for 2030, at det skal bli slutt på svolten i verda. Det gjekk framover først på 2000-talet, meir enn 5 prosent færre underernærte mellom 2000 og 2010, men no går det motsett veg. I 2022 levde nesten 282 millionar menneske, kvar femte afrikanar, under sveltegrensa. Frå 2019 til 2022 har talet auka med 57 millionar. I 9 av rundt 50 land, blant dei Den sentralafrikanske republikken, Lesotho, Madagaskar og Somalia, var omfanget av underernæring over 45 %.



Blant forklaringane er korona-epidemien, Ukraina-krigen som har redusert hjelpestendingar av korn utanfrå, og landoppkjøp andre land og storselskap gjer.

Rapporten har også opplysningar om menneske som lever i moderat eller alvorleg mattryggleik. Talet for desse gruppene i lag var i år 2022 868 millionar, 60,9 prosent av folkesetnaden. Tilsvarande tal på verdsbasis var 29,6 prosent, i Sentral-, Aust- og Vest-Afrika levde meir enn to av tre med uvisse om det vart mat å få neste dag. Desse tala hadde auka like raskt som talet på underernærte.

Veksten i åra med korona og Ukraina-krig syner kor lite robust verdsdelen er for uføresette hendingar. Oppstår noko som ikkje er venta, ein ny pandemi på menneske, husdyr eller planter, eller nye krigar eller vulkanutbrot, så vil Afrika bli ramma svært hardt. Verdsdelen er langt mindre enn andre verdsdelar i stand til å greie seg mot global oppvarming.

Rapporten tek for seg kva under- og feilernæringer fører til. Eit av måla er kroppslengda på barn. Med brystmjølk og sunn og nok kost er barns kroppslengd omrent den same dei første leveåra verda over. 2,5 år gamle gutter er i snitt 91 cm lange,

År	2000	2010	2014	2019	2020	2021	2022
Verda	33.0	31.1	27.9	26.3	24.6	22.7	22.3
Afrika	40.8	39.1	36.0	34.4	32.7	30.8	30.0
Sentral-Afrika	43.8	41.3	38.7	37.9	37.7	37.8	37.4
Aust-Afrika	46.7	45.8	41.0	38.6	35.8	31.9	30.6
Nord-Afrika	27.3	25.2	24.4	23.5	22.5	22.0	21.7
Sør-Afrika	27.8	27.4	24.5	23.4	22.9	22.8	22.8
Vest-Afrika	39.2	38.5	36.0	34.5	32.9	30.8	30.0

Tabell 2: Omfanget av låg kroppslengd bland barn under fem år i prosent av aldersgruppa.

jentene 3 millimeter lågare. Dei som veks sakte som små barn, vil vanlegvis ikkje innhente skilnaden.

Rapporten gir ei mengd andre opplysningar, spedbars tilgang til brystmjølk dei første seks månadene, fødselsvekt, omfanget av magre barn, overvektige barn, anemi (låg blodprosent) blant kvinner mellom 15 og 49 år og overvekt blant vaksne. Afrika ligg til atters for andre delar av verda, og taper terreng.

## Nok og helsesam mat – kva må til?

I 1960 var altså Afrika sjølvforsynt med mat. I 2006 var sjølvforsyningprosenten for verdsdelen 80. No har kombinasjonen av stagnert matproduksjon og rask vekst i folketalet

gjort prosenten vesentleg lågare. FAO skriv at eit sunt tilstrekkeleg kosthald i Afrika vil koste tilsvarende 3,57 dollar per person per dag. Dette ligg nokså nær kostnaden på verdsbasis. Nokre tiår attende var mange matvarer billige i dei fleste afrikanske land, men mathandel over lande- og verdsdelsgrenser gjer at matprisar har stige også i afrikanske land, frå 2020 til 2021 såleis med 5,6 prosent mot 4,3 prosent globalt. Når agroindustri får meir for maten ved eksport, vel dei det, og afrikanarar har ikkje økonomisk evne til å konkurrere.

## Kven har ansvaret?

FAO samlar mykje og god statistikk. Men som FN-organisasjon og representant for alle land går dei ikkje inn i konkret matforsyningspolitikk. Det følgjande er mine vurderingar og ikkje henta ut av rapporten:

1. Når Afrika har vorte global

tapar, er 500 års kolonisering av dei fleste landa ei sentral årsak. Medan europeiske og spesielt vesteuropeiske land kom ovanpå og fekk bygt seg opp, vart dei afrikanske landa haldne nede og fråtekne det høvet til utvikling som vestmakter og deira allierte hadde.

2. Om koloniordninga formelt er borte, heng restar att i form av krav om billig eksport og dyr import og også internasjonal umyndiggjering, og framleis låge råvarereprisar for afrikanske varer. I mange land lært kolinimaktene ein liten del av folket opp til å halde dei andre nede, og desse lærdommane hindrar framleis effektivt og demokratisk styre.

3. Med omfattande analfabetisme og därleg infrastruktur er det vanskeleg å bygge opp fungerande samfunn og bedriftsliv.

4. Dei siste tiåra har også rike land kjøpt opp mykje jord for matproduksjon til eigne innbyggjarar eller sal på verdsmarknaden. Ofte har ikkje lokale bønder skøyte på jorda dei og deira forgjengalar har drive, og dei blir pressa vekk til fordel for dei store utanfrå.

#### Kan Afrika kome ut av uføret?

Det blir skulda på laber arbeidsinnsats blant afrikanarar. Men den underernærte, den anemi-ramma, den tilbakesette gjennom oppvekst og vaksenliv er ikkje i stand til å stå i hardt arbeid.

Det blir skulda på liten innsats i å bygge opp institusjonar og fellesordningar. Men analfabeten er därleg i stand til å hente kunnskapar frå andre. Og den som opplever at alle forsøk på å bygge demokratiske og fungerande institusjonar mislykkast, gir gjerne opp.

Det blir skulda på gamle metodar og lita interesse for teknikk, for andre slags plantar, husdyr og driftsmetodar. Men den som opplever at «hjelpe tiltak» er tiltak for å overføre jord og produksjon til andre og store, blir skeptisk mot «ekspertar» utanfrå.


Det trengst hjelpearbeid av anna slag, nedanfrå og med mange små tiltak framfor prestisjeprosjekta, handreiskapar for dei mange framfor

tunge traktorar for dei få, syklar for at bønder skal kunne kome til marknaden med overskotsvarene, mobiltelefonar med pålitelege vêrmeldingar og appar som ikkje er tekstbaserte, setjepoteter og såkorn, containerar for gnagar- og insektfri lagring av mat, lokal elektrisitetsforsyning frå sol- eller jordvarme, og støtte til skulemat, eit tiltak som både gir barna eitt godt måltid om dagen, gjer at foreldre vel å sende barna til skulen framfor å halde dei heime, utset giftemålsalderen for ungjenter og gir småbønder tilleggsinntekter. Og det gjeld å stogge andre lands ran av vekstjord og andre naturressursar.

Det handlar om å bøte lite grann på ei skuld andre delar av verda har til Afrika for 500 års undertrykking. Og det handlar om å ta tak i og prøve å løyse dei store problema verda er inne i. For det er ikkje mangel på naturressursar, ikkje mangel på arbeidsfolk eller mangel på kvalifikasjoner som er hovudårsaka til Afrikas uføre, det er mangel på god globalpolitikk.

#### Notar

- FAO: Africa: Regional overview of food security and nutrition. Statistics and trends. Accra 2023.
- Yibo Luan & Xuefeng Cui & Marion Ferrat: Historical trends of food self-sufficiency in Africa. 2013.
- Hodder, Gareth og Brenda Migwalla: Africa's agricultural revolution: From self-sufficiency to global food powerhouse. Insight 2023.



Underernæring i prosent i afrikanske land og regionar.

#### INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Leiar Margit Fausko,  
e-post [margit@smabrukarlaget.no](mailto:margit@smabrukarlaget.no)  
Jens Erik Furulund,  
e-post [jenserik.furulund@gmail.com](mailto:jenserik.furulund@gmail.com)  
René Cortis,  
e-post [rene.cortis@gmail.com](mailto:rene.cortis@gmail.com),  
Audun Emil Tvedten,  
e-post [audun.e.tvedten@gmail.com](mailto:audun.e.tvedten@gmail.com)  
Olav Randen,  
e-post [boksmia@online.no](mailto:boksmia@online.no)